

Den kulturelle spaserstokken i Etne 2017 - 20

Etne har etablert gode rutinar rundt ordninga med DKSS som ein del av det overbyggjande kommunale planverket for økonomi og verksemd. Den lokale DKSS planen vil bli integrert i kulturplan for Etne som skal vedtakast politisk i løpet av 2018

- Det er i langtidsperiden gjort vedtak om kommunale midlar på 50 000 pr. år til DKSS.
- Midlane vert ført som eige tenestetilbod i rekneskapet under ansvar Kultur, og vert delt ut til ulike tiltak på grunnlag av innkomne søknader.
- Ressursgrupper og samarbeidspartnarane er Eldrerådet, Frivilligsentralen, Pensjonistforeningar og andre lag, Seniordans, Kyrkja, Etne kulturhus, skulane, Forteljefestivalen, helse/omsorgs og kulturteneseten i kommunen, - i nokre fall - også private bedrifter.

Innspela om korleis midlane skal nyttast er komne inn ut frå innspel frå lag og organisasjonar i samarbeid med det kommunale innafor helse, omsorg og kultur.

Etne er ein distriktskommune der ein ofte lyt reise langt for å oppleve eit breitt og variert kulturliv. Like fullt er Etne, så langt ein strekkjer til, ein aktiv kulturkommune - også på eiga hand.

T. d er kulturhusa med sine mange tilbod, samlingspunkt for heile regionen. Vakker natur gir dessutan mange moglegheiter for ein aktiv kvardag, og Etne har i den vedtekne kommuneplanen sett som mål å vere *ein regionalt profilert kulturkommune*.

Dette bør bidra til at ein lokalt også kan styrke kulturtilbodet og aktivitetane for dei eldre.

I arbeidet som er gjort i høve til Den kulturelle spaserstokken, har det komme fram følgjande ynskje for aktivitetar i prioritert rekkefølge:

Ein ynskjer fleire tilbod om ulike aktivitetar/utflukter.

Tilboda er tenkt tilpassa fysiske og andre behov innafor alle grupperingar av eldre. T. d vil Frivilligsentral, Røde kors, Lions vere støttespelarar og reisehjelperar/transportørar:

Kategori 1:

turar til lokale mål, der ein legg inn tilpassa fysisk aktivitet saman med sosialt samvær og kulturelle innslag.

- Skarstøl
- Skånevik naturoppleving
- Åkrafjorden oppleving
- Eikemostølen
- Miljesenter
- Osnes
- Tjønnelandsveien
- Skåneviksferja
- M m...

Kategori 2:

reiser til regionale eller fjernare mål, gjerne med tilpassa fysisk aktivitet saman med sosialt samvær og kulturelle innslag.

- Teaterturar
- Museumsbesøk
- Konsertar
- Dansetilstellingar
- Galleri og opplevingssenter
- M m

(reisemåla kan gjerne vere regionale på Haugalandet og Haugesund, evnt Bergen, Stavanger eller Oslo).

Kategori 3:

Eit auka lokalt tilbod med profesjonelle kunstnarar innafor musikk og anna scenekunst.

I samarbeid med Den kulturelle skulesekken, kulturhuset og andre aktørar innafor kulturfeltet, saman med ulike organisasjonar og samanslutninga - sjå til at det vert tilrettelagt for transport og anna (gjerne redusert pris) ved arrangement osv for eldre.

Opprette meir eller mindre permanente aktivitetstilbod for eldre i heile regionen.


- Seniordans (er etablert 2010) – aktivt
- Aktivitetsrom for handverk (under etablering)
- Forteljestunder (etablert 2010) - aktivt
- Lokalhistorisk arkiv – ressursgruppe for sortering og arkivering (scanning) av bilder og anna. (etablert 2015) - aktivt

Gjennomføring av tiltak innafor desse ulike felta krev bidrag både frå Den kulturelle spaserstokken, Etne kommune, og i nokre fall eigendel frå deltakaren.

Målgruppa for desse tilboda vil liggje på om lag 6 - 700 personar.

DKSS for Etne inngår som del av det overordna plan - og budsjettarbeidet i Etne kommune.

Etne, den 31. sept 2017



Nils Halleland
Leiar Kultur
Etne kommune